



Notat budsjett plan for Vassområde Sunnfjord – Saksnummer 12/3467-11

Vedlegg

<u>Dok.dato</u>	<u>Tittel</u>
26.4.2011	Rekneskap - Prosjektplan Vassområde Sunnfjord
05.6.2013	Forslag tildeling av vassprøvar/overvaking midlar Vassområde Sunnfjord

Bakgrunn

I 2011 Sunnfjord vassområde arbeidsgruppa har laga ein prosjektplan med budsjett. Finansiering og organisering av Vassområde Sunnfjord er og godkjent.

På vedlegg 1 rekneskap tabellen kan du sjå at det er 300 000 kroner som er tildelt til vassanalysar og overvaking inkludert rapport. Vi har nettopp begynt å ta vassprøve i juni men Sunnfjord vassområde har midlar frå i fjor som ikkje er brukt. Derfor er det 300 000 frå 2012 og 300 000 frå 2013 som kan bli brukt for problemkartlegging og tiltaksovervaking slik som:

- Gå på tvers av kommunegrensene (f.eks problemkartlegging i fjordområde eller landbrukspåverknad i mange ulike vassdrag)
- Problemkartlegging som er – uklare om påverknadar men der problema er så store at tiltak bør gjennomførast og der det er mange mulige påverknadar, men usikkert om kven som skal betale (uklart kven som ureinar). I vassførekomstar når det er ein klar ureinar bør ureinar betale for overvaking.

Forslag til tildeling av vassprøvar/overvaking midlar

Sunnfjordvassområde begynte konkuransgrunnlag for vassprøvar analyse i april og sendte ut innkalling til kommunane for vassdraga dei vil ha meir opplysning om. Frist for å sende forslag på vassførekomstar til prosjektleiar var 3. 5. 2013.

Dessverre svarar ikkje alle kommunane innan slutten av fristen. Det er kanskje fleire vassdraga som bør undersøkast i kvar kommune. Vann-Nett vert oppdatert heile tida, og derfor blir det der vil kjem meir endringa i tilstanden til vassførekomstar som vil trenge meir undersøking.

Her er forslag til tildeling av midlar til vassprøvar. Fordi Kommunane har betalt inn forskjellig beløp, (sjå vedlegg 1) vil kommunane få ut forskjellig beløp ifølge fordeling prosentane. For eksempel betaler Askvoll 10 % av 400 000 til Sunnfjord vassområde og vil få ut 10 % av 548 970 til vassprøver.

Derfor der er forslått at midlar til vassprøver (548 970 kroner) skal deles ut slik som vedlegg 2 viser.

Kommunane skal finne ut kva vassdraga som trengst meir undersøking, prioritere dei, finne kostnader for undersøkar og sende list til prosjektleiar. Viss det er tilstrekkeleg midlar i budsjettet og vassdrag er kvalifisert (for eksempel kan ikkje drikkevann kome på liste eller andre vassdrag som

Sunnfjord vassområde



kommunane må ta prøvar frå uansett) da skal kommunen ta vassprøvar og sende faktura til prosjektleiar. Kostnader til dette vil bli ein del av budsjettet for kommunen.

Viss der er midlar som ein kommune ikkje treng å bruke da er det mulig å overføre dette til annen kommune som har større behov eller problem med vassførekomstar. Dette må bli avklart mellom kommunane og prosjektleiar.

Prosjektleiar stilling

Heilt sidan starten i prosjektet, har det vore vanskeleg å halde seg informert om alle dei nye endringane og førespurnadane om informasjon, lage rapportar, delta på alle konferansar og halde kontakten med alle som har interesse for prosjektet. Arbeids mengda har økt, og tidsplaner kan endres på et øyeblikk varsel. Kommunane har ikkje mykje tid til å arbeide med den nye Vannforskriften, og prosjektleder har tatt meir ansvar i å samle informasjon på kommunane sine vegne. Prosjektleiar stilling i 50 % er ikkje tilstrekkeleg til å gjere alle oppgåvene som krevst for å gjere ein god jobb for medlemskommunane innanfor gitte fristar.

Ved gjennomgang av budsjettet for Vassområdet Sunnfjord, kan det visast til at det er ein del ubrukne midlar. Desse midlane vart overført frå 2012 til 2013. Dette gjer det mogleg for å bruke noko av overskottet frå i fjor, til å auke stillingsprosenten til 100 % ut 2013. Etter avtale med leiinga vart det laga eit notat om auke i stillingsprosent, behovet og tilgjengelegheita av overskottsmidlar i budsjettet, utan ytterlegare kostnader for prosjektet og medlemskommunane. Det ble føreslege at prosjektleiar skulle starte i ei 100 % stilling frå og med 1. mai 2013.

Det er usikkert viss prosjektleiar vil ha behov til 100 % stilling i 2014 men det er viktig å bestemme no for å forberede neste år budsjett. Arbeids oppgåver i 2014 vil konsentrere seg om utvikling av tiltaksanalyse som skal ha høyrast, i tillegg til utarbeide overvaking plan og godkjenning av denne.

Viss alle kommunane bestemmer at prosjektleiar stilling skal være 100 % i 2014 enn må kommunane betale inn ca. 116827 Kr per år til prosjektkonto. Fordeling etter vedteken prosent, sjå vedlegg 3. Dette beløpet vil dekke kostnader ved i auka stillinga frå 50 % til 100 %.

Frist for tilbakemelding

Frist for merknader og andre forslag er 30.8.2013. Frist for godkjenning av budsjett og tildeling av vassprøvar midlar er 13.9.2013.

Eg ber om svare frå alle kommunane, som ber ta saka opp politisk evt. med andre i kommunen sin. Viss eg ikkje får svare før frist vil eg anta at kommunen er enige med forslag om fordeling av vassprøvar midlar.